



## OFFENTLEG MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>23.01.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 12:40 og 13:15 – 16:05</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**

**Varamedlemer til stades:**

**Gunn Åmdal Mongstad, Sp**  
**Jon Olav Kvamme, KrF**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Merete Husabø Nornes**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Aleksander Øren Heen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sakene vert handsama i den rekkjefølgja som framgår under, men slik at skriv 15 i sak 7/19 vart handsama til slutt.

Representanten Gunn Åmdal Mongstad fekk permisjon frå kl. 14.00 under handsaminga av skriv 15 i sak 7/19.

Fylkesutvalet vedtok at skriv 17 i sak 7/19 skulle handsamast bak lukka dørar, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

*Munnlege orienteringar:*

1. Fylkesordføraren orienterte at det skal vere ein konferanse om Stad skipstunnel på Nordfjordeid 11.-12. februar.
2. Åshild Kjelsnes orienterte om at Nasjonal rassikringsgruppe arrangerer ein nasjonal rassikringskonferanse i Bergen 19. februar.

3. Fylkesordføreren orienterte om at ho legg opp til at KS Sogn og Fjordane vil få høve til å orientere fylkestinget på tingseta i april om planlagde strukturendringar i KS. Fylkesutvalet hadde ikkje innvendingar til dette.
4. Åshild Kjelsnes refererte frå møte 22.01.19 mellom ein delegasjon frå Vestlandsrådet og Klima- og miljødepartementet om eit samarbeidsprosjekt som gjeld tiltak mot marin forøpling.
5. Fylkesordføreren sin rådgjevar orienterte om prosessen med å utarbeide ein rettleiar for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme.
6. Fylkesordføreren orienterte om rapporten om organisasjonsforma og strukturen for Trivselshagen IKS, som vert offentleg neste veke. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle skje bak lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 fjerde ledd.
7. Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): I tilknytning til skriv 15a og 15b i sak 7/19 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen og adv. Per Andreas Bjørgan, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-230. Konsernsjefen i SFE, Johannes Rauboti, fekk høve til å kome til orde.
  - ✓ Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene i samband med orienteringa og den etterfølgjande drøftinga, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.
  - ✓ Fylkesutvalet vurderte habiliteten til representantane Høl, Stang og Mongstad:
    - Fylkesutvalet fann Gunn Åmdal Mongstad habil til å delta under orienteringa (ho fekk permisjon medan orienteringa gjekk føre seg).
    - Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stang habil til å delta under orienteringa, men inhabil til å delta i den etterfølgjande drøftinga, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.
    - Fylkesutvalet fann Hilmar Høl habil.

## **SAK 1/19**

### **Gloppen Stryn og Hornindal kommunar - Kommunedelplan - E39 Byrkjelo - Grodås**

#### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar det tilrådde alternativet til Statens vegvesen, jf. planomtalen kapittel 6, inkludert redusert standard på veg og kryss og innkorting av trase på Byrkjelo.
2. Fylkesutvalet understrekar at ein i det vidare arbeidet med trasear og tilpassingar må leggje stor vekt på lokale behov og interesser. På kommunedelplannivå er det og avgrensa med detaljar, og vanskeleg for den enkelte å sjå omfanget av konsekvensar for sine interesser og moglegheiter for tilpassingar. Dette gjer òg at det er spesielt viktig å ivareta desse omsyna.
3. Fylkesutvalet kan på dette plannivået ikkje seie oss samd i arealbruken, jf. lov om kulturminne § 8, fjerde ledd. Dette inneber at planen ikkje har rettsverknad før det er avklart om den råkar automatisk freda kulturminne. Arealbruken vert først avklart på reguleringsplannivå.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg:

Tillegg punkt 1:

Fylkesutvalet meiner likevel ein må vurdere løysingar som er minst mogleg arealkrevjande og ein standard som er tilpassa trafikkgrunnlaget og som held kostnadane på eit nivå som gjer at prosjektet er realiserbart.

Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet krev at omdisponert jord vert teken vare på for bruk til nydyrking og/eller jordforbetring.

**Avrøysting:**

Det vart røysta punktvis over framlegga.

Fylkesrådmannen sitt punkt 1 saman med tilleggsframlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til punkt 3, som vert punkt 4, vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar det tilrådde alternativet til Statens vegvesen, jf. planomtalen kapittel 6, inkludert redusert standard på veg og kryss og innkorting av trasé på Byrkjelo. Fylkesutvalet meiner likevel ein må vurdere løysingar som er minst mogleg arealkrevjande og ein standard som er tilpassa trafikkgrunnlaget og som held kostnadane på eit nivå som gjer at prosjektet er realiserbart
2. Fylkesutvalet understrekar at ein i det vidare arbeidet med traséar og tilpassingar må leggje stor vekt på lokale behov og interesser. På kommunedelplannivå er det og avgrensa med detaljar, og vanskeleg for den enkelte å sjå omfanget av konsekvensar for sine interesser og moglegheiter for tilpassingar. Dette gjer òg at det er spesielt viktig å ivareta desse omsyna.
3. Fylkesutvalet krev at omdisponert jord vert teken vare på for bruk til nydyrking og/eller jordforbetring.
4. Fylkesutvalet kan på dette plannivået ikkje seie seg samd i arealbruken, jf. lov om kulturminne § 8, fjerde ledd. Dette inneber at planen ikkje har rettsverknad før det er avklart om den råkar automatisk freda kulturminne. Arealbruken vert først avklart på reguleringsplannivå.

-----

**SAK 2/19                      Eid kommune - gbnr. 46/135 - Detaljreguleringsplan for Teletunet, Nordfjordeid.**

**Frå fylkesrådmanne låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet går til motsegn mot «Detaljreguleringsplan for Teletunet». Endringar av allèen langs Osvegen vil medføre ei vesentleg svekking av eksersisplassen og NB-område som kulturminne av nasjonal interesse.

Som forhandlingsleiar for fylkeskommunen vert vald.....

**Framlegg:**

**Fylkesutvalet** gjorde framlegg om at fylkesordføraren vert forhandlingsleiar for fylkeskommunen.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sitt framlegg saman med framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fylkesutvalet går til motsegn mot «Detaljreguleringsplan for Teletunet». Endringar av allèen langs Osvegen vil medføre ei vesentleg svekking av eksersisplassen og NB-område som kulturminne av nasjonal interesse.

Som forhandlingsleiar for fylkeskommunen vert vald fylkesordføraren.

-----

**SAK 3/19                      Vågsøy - detaljreguleringsplan for Måløy Stormarked**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Med grunnlag i planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, og i medhald av plan- og bygningslova § 5-4, fremjar fylkesutvalet motsegn mot utviding av kjøpesenter i utkast til detaljreguleringsplan for Måløy Stormarked.
2. Som fylket sin representant i forhandlingane vert vald: .....

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** gjorde slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt. 1:

Det vert ikkje reist motsegn mot utviding av kjøpesenter i utkast til detaljreguleringsplan for Måløy Stormarked.

Punkt 2 går ut

**Avrøysting:**

Fylkesutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Det vert ikkje reist motsegn mot utviding av kjøpesenter i utkast til detaljreguleringsplan for Måløy Stormarked.

-----

**SAK 4/19                      Områderegulering for Indre Øyrane**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

3.        Fylkesutvalet fremjar med grunnlag i planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, samt i medhald av plan- og bygningslova § 5-4, motsegn til den delen av utkast til områdereguleringsplan for Indre Øyrane som omhandlar etablering av kjøpesenter. Dette gjeld ubygde areal aust for Rv5 med føremål: BKB5, BKB6 og BKJ
4.        Som fylkeskommunen sin representant i forhandlingane vert vald: .....

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** gjorde slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt 1:

Fylkesutvalet fremjar ikkje motsegn til utkast til områdereguleringsplan for Indre Øyrane som omhandlar etablering av kjøpesenter.

Punkt 2 går ut

**Avrøysting:**

Fylkesutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Fylkesutvalet fremjar ikkje motsegn til utkast til områdereguleringsplan for Indre Øyrane som omhandlar etablering av kjøpesenter.

-----

**SAK 5/19                      Innspel til jordbruksforhandlingane 2019**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

5. Jordbruksoppgeret må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar. Det må leggest til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar, og verkemidla må vere treffsikre slik at dei tek omsyn til lokale føresetnader.
6. Prioriteringar for 2019:
  1. Det trengst framleis verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
  2. Handlingsrommet for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling) må bli større.
  3. Det er trong for verkemiddel for å stimulere til meir beiting i utmark.
  4. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane. Strukturtillegg for mjølkekyr må vidareførast, og styrkjast.
  5. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr
  6. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
  7. Distrikts- og kvalitetstilskotet for produksjon av frukt- og bær på Vestlandet må aukast
  8. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader). Det er også trong for ordningar som stimulerer til investeringar for vasskjelder til vatning
  9. Det er viktig med gode ordningar for erstatning etter avlingssvikt. Tilskotsordninga med erstatning etter avlingssvikt må gjerast meir treffsikker for føretak som driv med husdyr. Dagens ordning er tilpassa dei som har moderate eller gjennomsnittlege avlingar, men fangar ikkje opp dei som har høge avlingar i normalår.
  10. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
11. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

### **Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** gjorde framlegg om slikt punkt 2a:

Det må utviklast betre ordningar for regulering av dei ulike produksjonane.

Ordningane må differensierast slik at ein nyttar dei stadeigne ressursane på måte som sikrar høgast mogleg sjølvforsyningsgrad av landbruksprodukt.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå fylkesrådmannen, med den endringa som delrøystinga viser, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Jordbruksoppgeret må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar. Det må leggest til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar, og verkemidla må vere treffsikre slik at dei tek omsyn til lokale føresetnader.
2. Prioriteringar for 2019:
  - a. Det må utviklast betre ordningar for regulering av dei ulike produksjonane.

Ordningane må differensierast slik at ein nyttar dei stadeigne ressursane på ein måte som sikrar høgast mogleg sjølvforsyningsgrad av landbruksprodukt.
  - b. Handlingsrommet for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling) må bli større.
  - c. Det er trong for verkemiddel for å stimulere til meir beiting i utmark.
  - d. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane. Strukturtillegg for mjølkekyr må vidareførast, og styrkjast.
  - e. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr

- f. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill. kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
  - g. Distrikts- og kvalitetstilskotet for produksjon av frukt og bær på Vestlandet må aukast
  - h. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35 % av godkjende kostnader). Det er også trong for ordningar som stimulerer til investeringar for vasskjelder til vatning
  - i. Det er viktig med gode ordningar for erstatning etter avlingssvikt. Tilskotsordninga med erstatning etter avlingssvikt må gjerast meir treffsikker for føretak som driv med husdyr. Dagens ordning er tilpassa dei som har moderate eller gjennomsnittlege avlingar, men fangar ikkje opp dei som har høge avlingar i normalår.
  - j. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

-----

## **SAK 6/19                      Tariff 2019 - KS spør i debattheftet**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1.      KS bør vere ein utviklingspartner for digitalisering, gjennom å leggje til rette for samhandling, informasjonsformidling og rådgjeving, samt vere ein igangsetjar og pådrivar for store felles initiativ
2.      KS bør ikkje få eit meir formelt mandat på vegne av medlemmene i høve digitalisering.
3.      Den lokale forhandlingspotten i kap. 4 bør vere minimum 1,5 %. Blir den mindre, bør lønsoppgjeret gjennomførast sentralt. I dei sentrale forhandlingane bør løn til lærarar og adjunktar prioriterast.
4.      I særavtaleforhandlingane i 2019 bør særavtale SFS2213 bli forhandla med mål om at dei tilsette skal bruke all arbeidstida på arbeidsplassen.
5.      Koordineringa av regional og nasjonal kompetansepolitikk bør styrkast. KS kan ev. ta ei koordinerande rolle mellom UoH-sektoren og kommunar/fylkeskommunar regionalt i arbeidet meg å sikra og utvikla kompetansen i tråd med sektoren sine behov.
6.      Det er naturleg å komme tilbake til spørsmåla om ulikskap i tenester og forslag til tiltak når dei nye fylkeskommunane er etablert og vi ser korleis organiseringa av tenesteområda blir.

### **Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** gjorde framlegg om slik endring av punkt 4.:

«...bruke meir av arbeidstida på arbeidsplassen og at arbeidsgjevar får meir av tida til felles planlegging.»

### **Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sitt framlegg saman med endringsframlegget vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1.      KS bør vere ein utviklingspartner for digitalisering, gjennom å leggje til rette for samhandling, informasjonsformidling og rådgjeving, samt vere ein igangsetjar og pådrivar for store felles initiativ

2. KS bør ikkje få eit meir formelt mandat på vegne av medlemmene i høve digitalisering.
3. Den lokale forhandlingspotten i kap. 4 bør vere minimum 1,5 %. Blir den mindre, bør lønsoppgjeret gjennomførast sentralt. I dei sentrale forhandlingane bør løn til lærarar og adjunktar prioriterast.
4. I særavtaleforhandlingane i 2019 bør særavtale SFS2213 bli forhandla med mål om at dei tilsette skal bruke meir av arbeidstida på arbeidsplassen og at arbeidsgjevar får meir av tida til felles planlegging.
5. Koordineringa av regional og nasjonal kompetansepolitikk bør styrkast. KS kan ev. ta ei koordinerande rolle mellom UoH-sektoren og kommunar/fylkeskommunar regionalt i arbeidet meg å sikra og utvikla kompetansen i tråd med sektoren sine behov.
6. Det er naturleg å komme tilbake til spørsmåla om ulikskap i tenester og forslag til tiltak når dei nye fylkeskommunane er etablert og vi ser korleis organiseringa av tenesteområda blir.

-----

**SAK 7/19**

**Skriv og meldingar fylkesutvalet 23. januar 2019**

Vedtak:

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1: Konstituering av Vestland fylkesting og funksjonsperioden for Sogn og Fjordane fylkesting
- 2: F1 Holding AS - Havilafjord AS - innfriing av lån
- 3: Om avtalen med Skipavika Næringspark AS om overdraging av justeringsrett- og plikt
- 4: Brev til SF Revisjon IKS: Oppseiing av deltakarforhold i Sogn og Fjordane Revisjon IKS
- 5: Brev til Samferdsledepartementet: Fråsegn til ny overføringslov og endring av ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen.
- 6b: E-post frå SSV: Daløy-Haldorsneset - midlertidig drift 2019
- 6a: Brev til SVV: Tilbakekalling av løyve - Drift av fylkesvegferjesamband Daløy-Haldorsneset
- 7: Brev frå Lotteri- og stiftelsestilsynet: Varsel om avslag på søknad om vedtektsendring – bustadstiftingane
- 8: Brev frå KMD: Vedtak om grensejustering mellom kommunane Balestrand og Høyanger
- 9a: Brev frå Samferdsledepartementet: Ny modell for prosess og organisering av arbeidet med Nasjonal transportplan 2022 – 2033
- 9b: Ny modell for prosess og organisering av arbeidet med Nasjonal transportplan
- 10: Brev frå KMD: Skjønnskot - rapportering etter flaum og brann i 2014
- 11: EUROPARC Youth Manifesto
- 12: Brev frå Bergen kommune: Bergen fyller 950 år i 2020



**VEDTAK:**

Fylkesordføreren utformar brev til kommunen på bakgrunn av innspela som kom fram i møtet.

- 13a: Møte med Ningxia, 28.11.18, Førde
- 13b: Letter of Gratitude from Ningxia
- 13c: Takkebrev frå Ningxia - på engelsk
- 13d: Takkebrev frå Ningxia - på kinesisk

**VEDTAK:**

Fylkesordføreren utformer eit svarbrev på bakgrunn av innspela som kom fram i møtet.

- 14: Søknad om støtte til forprosjekt "Nynorskhuset"

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet løyver kr 190 000 til utgreiing av «Nynorskhuset». Det er ein føresetnad at Førde kommune og dei andre partane løyver sine andelar. Støtta vert finansiert over kontoen «fylkesutvalet til disposisjon».

- 15a: Notat frå Lund og co: Løypemelding 1/2019  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 fjerde ledd*
- 15b: Vedlegg løypemelding  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 fjerde ledd*
- 16: Prinsippsak løyvefritak for småskala reiselivsverksemder og «inn på tunet»-ordning

**VEDTAK:**

I påvente av avklaring frå sentral myndigheiter forlengar fylkesutvalet løyvefritaka til 01.10.19. Det vert ikkje gjeve nye løyvefritak.

- 17: Møtereferat – eigarskap i Firda Billag AS  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd*
- 18: Kommunal- og forvaltningskomiteen sitt besøk til Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland 18-20. mars 2019

-----